

Fjelltun kjem på bedehuset

31.05.2011

Fjelltun Bibelskole i Stavanger har avslutningsturne denne veka og Kristi Himmelfartsdag kjem dei til bedehuset i Uskedalen. Det blir song og vitnesbyrd av studentane og ein av dei, Annbjørg Naterstad, er frå Seimsfoss.

Bibelskulelærer Johnny Vågen skal halda tale og det blir informasjon om og kollekt til skulen.

Dei fleste studentane har gått på skulen sidan i haust. Mange var på eit 4 veker langt studieopphald i Israel og nokon var samstundes på eit like langt opphald i Kenya og Tanzania.

I Uskedalen vil dei formidla det dei har fått gjennom undervisninga så langt.